



## Møteprotokoll Formannskapet

**Møtedato:** 12.10.2015  
**Møtestad:** Møterom - Børiden  
**Møtetid:** 09:00 - 0930

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordfører
Helge Dyrkolbotn	KRF	Varaordfører
Liv Ulvøy	V	Medlem
Reidar Øksnes	SP	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Ernst Stellberg	H	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle
Anita Soltveit	H	Varamedlem

---

**Følgjande frå administrasjonen møtte:**

Rådmann Jan Olav Osen og avdelingsleiar Asbjørn Toft

Dato 12.10.15

Per Lerøy  
ordfører

Jan Olav Osen  
rådmann

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
140/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
141/15	Godkjenning av møteprotokoll
142/15	Uttale til høyring av tilleggsutgreiing for Johan Sverdrup Oljerøyr gjennom Fensfjord-trasèen

## **140/15: Godkjenning av innkalling og saksliste**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

## **12.10.2015 FORMANNSKAPET**

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

### **FS - 140/15 Vedtak:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

---

## **141/15: Godkjenning av møteprotokoll**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

## **12.10.2015 FORMANNSKAPET**

Framlegg frå ordføraren:  
Saka vert utsett.

Ordføraren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **FS - 141/15 Vedtak:**

Saka vert utsett.

---

## **142/15: Uttale til høyring av tilleggsutgreiing for Johan Sverdrup Oljerøyr gjennom Fensfjord-trasèen**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Austrheim kommune meiner at landalternativet som vil gje arbeid til norske arbeidstakarar i ei tid med sterkt aukande arbeidsløyse bør resultera i at staten som den største eigaren i Statoil og som

konsesjonstildelar på kontinentalsokkelen instruerer oljeselskapa om å velja landalternativet for Sverdrup-røyret.

Austrheim kommune er overtydd om at den beste løysinga for det norske samfunnet samfunnsøkonomisk og risikomessig, er at oljerøyret for Johan Sverdrup-feltet vert lagt over land frå Bergsvikhamn til Mongstad. Austrheim kommune er svært uroa over konsekvensane av ei eventuell uønskt hending under arbeidet med å leggja den nye oljerørleidninga i Fensfjorden.

Austrheim kommune viser elles til uttalen i saksutgreiinga.

#### **07.10.2015 FORMANNSKAPET**

Framlegg frå Ernst Stellberg(H):

Austrheim kommune viser til ovannemnde tilleggsutgreiing for Fensfjordtrase'en av 15. september 2015.

Ved endeleg avgjerd om val av trase', ber Austrheim kommune om at ein vektlegg dei omfattande positive lokale og regionale økonomiske og sysselsetjingsmessige konsekvensar, ved at oljerøyret vert lagt over land frå Bergsvikhamn til Mongstad.

Framlegget vart vedlagt møteboka.

Framlegg frå Reidar Øksnes:

Saka vert utsett.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **FS - 137/15 Vedtak:**

Saka vert utsett.

#### **12.10.2015 FORMANNSKAPET**

Fellesframlegg:

Austrheim kommune ser positivt på at vedtaket om å føra olja frå Johan Sverdrup-feltet i land til Mongstad står fast.

Austrheim kommune kan ikkje sjå av tilleggsutgreiinga for Johan Sverdrup oljerøyr, plan for anlegg og drift del 2, tilleggsutgreiing for Fensfjord-trasèen datert 15. september 2015, at det har kome fram nye moment som reduserer risikoen med alternativet gjennom Fensfjorden til Mongstad. Med bakgrunn i dette ser Austrheim kommune på alternativet over land frå Bergsvikhamn til Mongstad som eit tryggare og meir robust alternativ. Ved endeleg godkjenning av trasè ber Austrheim kommune om at konsesjonsgjevar vektlegg den lågare risikoen og dei omfattande positive samfunnsøkonomiske effektane, både lokalt og regionalt, som oljerøyret over land frå Bergsvikhamn til Mongstad vil utgjera.

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

**FS - 142/15 Vedtak:**

Austrheim kommune ser positivt på at vedtaket om å føra olja frå Johan Sverdrup-feltet i land til Mongstad står fast.

Austrheim kommune kan ikkje sjå av tilleggsutgreiinga for Johan Sverdrup oljerøyr, plan for anlegg og drift del 2, tilleggsutgreiing for Fensfjord-trasèen datert 15. september 2015, at det har kome fram nye moment som reduserer risikoen med alternativet gjennom Fensfjorden til Mongstad.

Med bakgrunn i dette ser Austrheim kommune på alternativet over land frå Bergsvikhamn til Mongstad som eit tryggare og meir robust alternativ. Ved endeleg godkjenning av trasè ber Austrheim kommune om at konsesjonsgevar vektlegg den lågare risikoen og dei omfattande positive samfunnsøkonomiske effektane, både lokalt og regionalt, som oljerøyrret over land frå Bergsvikhamn til Mongstad vil utgjera.

---